

Protokollar

2005

Styre og

Rep. skap for

VØR



MØTEBOK FOR REPRESENTANTSKAPET I VØR

Det vart halde møte i representantskapet i VØR torsdag 15.06.06 på Miljøstasjonen.

Møtet tok til kl. 17.00

Møtet slutta kl. 18.00

Desse møtte:

Gudny Fagerhol

Per A. Vatne

Signe Turid Barstad

Nils Trovåg

Marthe Styve Holte

Knut Steinsvik

Oddrun Aarflot

Vigleik Hustadnes

Ivar Aarskog møtte på vegne av styret. Petter Bjørdal møtte på vegne av administrasjonen.

Gudny Fagerhol leia møtet.

Marthe Styve Holte og Per A. Vatne vart valt til å skrive under møteboka.

Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.

REP. SAK NR 01-06: REKNESKAP OG ÅRSMELDING 2005

VEDTAK (8 RØYSTEFØRE)

1. Representantskapen godkjenner den framlagde rekneskapen slik den ligg føre.
2. Representantskapen vedtek å overføre overskotet, stort kr 2.658.063,- slik:
Til bunde fond slambehandling - kr 306.899,-
Til bunde fond hushaldningsrenovasjon kr 1.972.442,-
Til annan eigenkapital kr 992.520,-
3. Representantskapen godkjenner den framlagde årsmelding dagsett 28.04.06 slik den ligg føre.

Handsaminga:

Saka vart samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga frå styret.

REPSAK NR 02-06: ØKONOMIPLAN 2006-2009

VEDTAK (8 RØYSTEFØRE)

Representantskapen vedtek slik økonomiplan for VØR for perioden 2007 – 2010.

<i>Tiltak</i>	<i>Effekt på gebyret pr år Investering</i>	
a) Kjøp av større innsamlingsbil - sidelastar hushaldningsrenovasjon i 2007	Kr 0-	Kr 1.500.000,-
b) Utsifting av hjullastar i andre halvår 2007	Kr 0,-	Kr 1.200.000,-
c) Kjøp av om lag 25 daa med grunn for å sikre areal til ekspansjon, handsaming av hageavfall og slam i 2007.	Kr 30,-	Kr 5.500.000,-

d) Kjøp av hurtiggående kværn for kværning av trevirke og hageavfall	Kr 0,-	Kr 1.000.000,-
e) Etablering av slambehandlingsanlegg og anlegg for kompostering av hageavfall i 2008 Tiltaket føreset nærare vurdering før det kan settast i verk	Gjeld slamgebyret Kr 100,-	Kr 2.000.000,-
f) Innføring av eigen avfallsdunk for våtorganisk avfall i 2010. Tiltaket føreset nærare vurdering før det kan settast i verk	Kr 0,-	Kr 1.000.000,-


Handsaminga:

Saka vart samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga frå styret.


REP.SAK NR 03-06. DRIFT AV VØR - ORIENTERING.


Dagleg leiar orienterte om VØR sin drift. Representantskapen tok orienteringa til vitande.

Rett utskrift 15.06.06


Gudny Fagerhol
Leiar


Marthe Styve Holte


Per A. Vatne


Petter Bjørdal
referent

MØTEBOK FOR REPRESENTANTSKAPET I VØR

Det vart halde møte i representantskapet i VØR tirsdag 01.11.05 på Miljøstasjonen.

Møtet tok til kl. 17.00

Møtet slutta kl. 18.00

Desse møtte:

Gudny Fagerhol

Per A. Vatne

Signe Turid Barstad

Nils Trovåg

Knut Steinsvik

Vigleik Hustadnes

Ann Britt Våge Fannemel møtte på vegne av styret kl 17.30. Petter Bjørdal møtte på vegne av administrasjonen., Marte Styve Holte og Oddrun Aarflot melde avbud. Vara for desse er Hans Sundal og Turid Krumsvik. Hans Sundal vart ikkje innkalla då han har flytta frå Volda. Turid Krumsvik kan ikkje møte på tirsdagar då ho er i arbeid på Sandane. Gudny Fagerhol leia møtet.

Signe Turid Barstad og Per A. Vatne vart valt til å skrive under møteboka.

Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste. Sak 09-05 vart tatt først på saklista.

REP.SAK NR 09-05. DRIFT AV VØR - ORIENTERING.

Dagleg leiar orienterte om VØR sin drift. Representantskapen tok orienteringa til vitande.

REP.SAK 08-05. BUDSJETT 2006 - VØR

Representantskapen vedtek å rå kommunestyra i Volda og Ørsta å gjere slikt vedtak:

1. Kommunestyret vedtek i medhald av lov av 21 juni 1996, nr 6 om vern mot forureining og avfall, slike satsar for avfallsgebyr for 2006.

Alle summar ekskl. MVA

1.1 Hushaldningsgebyr pr abonnent:

- | | |
|---|-----------|
| a) Småhushald. Henting annakvar veke 140 L | kr 1950,- |
| b) Standardhushald Henting kvar veke 140 L | kr 2340,- |
| c) Storhushald. Henting kvar veke 240 L | kr 4260,- |
| d) Standardhushald med kompostering Henting annakvar veke 140 L | kr 1760,- |
| e) Samarbeid inntil 2 abonnentar, 140L henting annakvar veke; pr abonnent | kr 1870,- |
| f) Samarbeid inntil 2 abonnentar, 140L, henting kvar veke; pr abonnent | kr 2090,- |
| g) Samarbeid 240L eller større, henting kvar veke intil 140L; pr abonnent | kr 2200,- |
| h) Renovasjon hytte / fritidshus | kr 644,- |
| i) Renovasjon hyblar | kr 1170,- |
| j) Henteavtale kvar veke | kr 379,- |

k) Henteavtale kvar 14 dag

kr 230,-

1.2 SLAM

HEILÅRSBUSTAD.

FRITIDSBUSTAD

a) Gebyr pr tank inntil 4,5 m3	kr 745,-	kr 373,-
b) Gebyr for to husvære m. tank intil 7 m3	kr 1180,-	kr 590,-
c) Gebyr for 3 husstandar m. tank intil 10 m3	kr 1760,-	kr 880,-
d) Gebyr for årleg tøming av tank intil 4,5 m3		kr 1490,-
e) Gebyr pr m3 over 4,5 m3		kr 360,-
f) Gebyr pr m3 fellestankar > 10 m3		kr 290,-

Slammet skal tømast annakvart år for heilårsbustad og kvart fjerde år for fritidsbustad.

1.3. Pris pr kolli sekk:


kr 49,-


VEDTAK (6 RØYSTEFØRE)

Handsaminga.

Samrøystes vedtek i tråd med tilrådinga frå styret.


Rett utskrift 01.11.05


Gudny Fagerhol
Leiar


Signe Turid Barstad


Per A. Vatne

Petter Bjørdal
referent



PROTOKOLL

STYRET FOR VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

Heldt møte på VØR
Møtedato 15.05.06
Møtet tok til 16.00
Møtet slutta 20.00

Desse møtte:
Ann Britt Våge Fannemel
Ivar Aarskog
Ove Lid
Reidun Vigestad Berge
Ivar Arne Lid
Gudny Fagerhol

Frå administrasjonen møtte Petter Bjørdal, som førte møteboka.
Ann Britt Våge Fannemel leia møtet. Det var ikkje merknader til innkallinga. Sak 06-06 vart sett opp sist på saklista. Ove Lid gjekk etter handsaming av sak 07-06.

SAKLISTE:

SAK 07-05. ÅRSMELDING OG REKNESKAP 2005

Styret rår representantskapen til å gjere slikt vedtak:

1. Representantskapen godkjenner den framlagde rekneskapen slik den ligg føre.
2. Representantskapen vedtek å overføre overskotet, stort kr 2.658.063,- slik:
Til bunde fond slambehandling - kr 306.899,-
Til bunde fond hushaldningsrenovasjon kr 1.972.442,-
Til annan egenkapital kr 992.520,-
3. Representantskapen godkjenner den framlagde årsmelding dagsett 28.04.06 slik den ligg føre.

VEDTAK (5 RØYSTEFØRE)

Handsaminga.
Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

SAK 08-06. ØKONOMIPLAN 2007-2010.

Styret rår representantskapen til å vedta slik økonomiplan for VØR for perioden 2007 – 2010.

<i>Tiltak</i>	<i>Effekt på gebyret pr år Investering</i>	
a) Kjøp av større innsamlingsbil - sidelastar hushaldningsrenovasjon i 2007	Kr 0-	Kr 1.500.000,-
Utskifting av hjullastar i andre halvår 2007	Kr 0,-	Kr 1.200.000,-
Kjøp av om lag 25 daa med grunn for å sikre areal til ekspansjon, handsaming av hageavfall og slam i 2007.	Kr 30,-	Kr 5.500.000,-
Kjøp av hurtiggåande kværn for kværning av trevirke og hageavfall	Kr 0,-	Kr 1.000.000,-

Etablering av slambehandlingsanlegg og anlegg for kompostering av hageavfall i 2008 Tiltaket føreset nærare vurdering før det kan settast i verk	Gjeld slamgebyret Kr 100,-	Kr 2.000.000,-
Innføring av eigen avfallsdunk for våtorganisk avfall i 2010. Tiltaket føreset nærare vurdering før det kan settast i verk	Kr 0,-	Kr 1.000.000,-

VEDTAK (4 RØYSTEFØRE)

Handsaminga.

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

SAK 09-06. KLAGE PÅ VEDTAK OM RENOVASJONSGBYR – GUNNAR GJENGSTØ.

Styret for VØR viser til klage på pålegg om renovasjonsgebyr av 27.03.06, og finn ikkje å kome klage på vedtak i møte i samsvar med gjeldande renovasjonsforskrifter §§ 3, 4 og 11.

I samsvar med fvl. § 28 og 29, kan vedtaket påklagast til klageutvalet for VØR-saker, som skal gjere endeleg vedtak.

VEDTAK (4 RØYSTEFØRE)

Handsaminga.

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

SAK 10-06. REKNESKAPSRAPPORT PR 30.04.06

Styret tar rekneskapsrapporten til etterretning.

VEDTAK (4 RØYSTEFØRE)

Handsaminga.

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.


SAK 06-06. REFERATSAKER

- Industrikraft Møre – oversikt over framtidig energibehov
- Hald Norge reint – farleg avfall kampanje
- NRF Nytt 01/06 og 2/2006
- Tur – Retur
- Brev frå Rekom – statleg avgift på energigjenvinning
- Sikkerhetsrådgivers årsrapport 2005
- Brev Rekom – studietur for styret og reiserute.
- Orientering om drifta (synfaring på området)

Rett utskrift 15.05.06


Ann Britt Våge Fannemel
Styreleiar



Ivar Aarskog


Ivar Arne Lid

Ove Lid


Reidun Vigestad Berge

Petter Bjørdal referent



PROTOKOLL

STYRET FOR VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

Heldt møte på VØR

Møtedato 13.10.05

Møtet tok til 16.00

Møtet slutta 19.00

Desse møtte:

Ann Britt Våge Fannemel

Ivar Aarskog

Ove Myklebust

Reidun Vigestad Berge melde fråfall. Vara for Reidun - Bjarte Roth vart kalla inn, men kunne ikkje møte. Ove Lid og Gudny Fagerhol (leiar i representantskapen) møtte ikkje.

Frå administrasjonen møtte Petter Bjørdal, som førte møteboka.

Ann Britt Våge Fannemel leia møtet. Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.

SAKLISTE:

SAK 16-05. REFERATSAKER

- Synfaring av eigedoms og forvaltningsstyret i Volda
- Nabovarsel Bøstrand Transport
- Ferdigattest ombygging presse
- Br.sund registra – Godkjenning av rekneskap 2004
- Haustkonferanse Geiranger
- Forlenging av avtale med El.retur vedk. KFK
- Brev Oddvin Furnes (framlagt på møtet)

SAK 17-05. BUDSJETT 2006

Styret rår representantskapen til å gjere slikt vedtak:

Representantskapen vedtek å rå kommunestyra i Volda og Ørsta å gjere slikt vedtak:

1. Kommunestyret vedtek i medhald av lov av 21 juni 1996, nr 6 om vern mot forureining og avfall, slike satsar for avfallsgebyr for 2006.

Alle summar ekskl. MVA

1.1 Hushaldningsgebyr pr abonnent:

- | | |
|---|-----------|
| a) Småhushald. Henting annakvar veke 140 L | kr 1950,- |
| b) Standardhushald Henting kvar veke 140 L | kr 2340,- |
| c) Storhushald. Henting kvar veke 240 L | kr 4260,- |
| d) Standardhushald med kompostering Henting annakvar veke 140 L | kr 1760,- |
| e) Samarbeid inntil 2 abonnentar, 140L henting annakvar veke; pr abonnent | kr 1870,- |
| f) Samarbeid inntil 2 abonnentar, 140L, henting kvar veke; pr abonnent | kr 2090,- |
| g) Samarbeid 240L eller større, henting kvar veke intil 140L; pr abonnent | kr 2200,- |
| h) Renovasjon hytte / fritidshus | kr 644,- |
| i) Renovasjon hyblar | kr 1170,- |
| j) Henteavtale kvar veke | kr 379,- |

k) Henteavtale kvar 14 dag

kr 230,-

1.2 SLAM

	HEILÅRSBUSTAD.	FRITIDSBUSTAD
a) Gebyr pr tank inntil 4,5 m3	kr 745,-	kr 373,-
b) Gebyr for to husvære m. tank intil 7 m3	kr 1180,-	kr 590,-
c) Gebyr for 3 husstandar m. tank intil 10 m3	kr 1760,-	kr 880,-
d) Gebyr for årleg tømning av tank intil 4,5 m3		kr 1490,-
e) Gebyr pr m3 over 4,5 m3		kr 360,-
f) Gebyr pr m3 fellestankar > 10 m3		kr 290,-

Slammet skal tømast annakvart år for heilårsbustad og kvart fjerde år for fritidsbustad.

1.3. Pris pr kolli sekk:

kr 49,-

VEDTAK (TRE RØYSTEFØRE)

Handsaminga.

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

SAK 18-05. STRATEGI - / KVALITETSSIKRINGS-SEMINAR

Styret vedtek å arrangere kvalitetssikringsseminar 26-27/11- 2005.

VEDTAK (TRE RØYSTEFØRE)

Handsaminga.


Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Rett utskrift 13.10.05

Ann Britt Våge Fannemel
Styreleiar



Ivar Aarskog



Ove Myklebust



Petter Bjørdal
referent



PROTOKOLL

STYRET FOR VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

Heldt møte på VØR

Møtedato 09.06.05

Møtet tok til 16.00

Møtet slutta 19.00

Desse møtte:

Ann Britt Våge Fannemel

Ivar Aarskog

Ove Lid

Reidun Vigestad Berge

Ove Myklebust

Gudny Fagerhol

Frå administrasjonen møtte Petter Bjørdal, som førte møteboka.

Ann Britt Våge Fannemel leia møtet. Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.

Ove Lid gjekk etter handsaming av sak 12-05. Styret var på synfaring i Alida.

SAKLISTE:

SAK 11-05. REFERATSAKER

- Generalforsamling REKOM – muntleg orientering v. dagl.leiar
 - Generalforsamling RETURA – muntleg orientering v. dagl.leiar
 - Avfallskonferanse Molde orientering v. dagl.leiar
 - Avisutklipp frå Dagbladet
 - Årsmelding KMS orientering v. styreleiar.
- Vedtak: Styret tilrår at Reidun Vigestad Berge går inn som styremedlem i Kran og Miljervice AS på vegne av VØR

SAK 12-05. REKNESKAP OG ÅRSMELDING

Styret rår representantskapen til å gjere slikt vedtak:

1. Representantskapen godkjenner den framlagde rekneskapen slik den ligg føre.
2. Representantskapen vedtek å overføre overskotet, stort kr 1.859.024,- slik:
 - Til bunde fond slambehandling kr 363.929,-
 - Til bunde fond hushaldningsrenovasjon kr 599.171,-
 - Til annan eigenkapital kr 895.924,-
3. Representantskapen godkjenner den framlagde årsmelding dagsett 22.03.04 slik den ligg føre.

VEDTAK (5 RØYSTEFØRE)

Handsaminga.

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

SAK 13-05. ØKONOMIPLAN 2006-2009.

Tilråding til vedtak.

Styret rår representantskapen til å vedta slik økonomiplan for VØR for perioden 2006 – 2009.

<i>Tiltak</i>	<i>Effekt på gebyret pr år Investering</i>	
a) Kjøp av større innsamlingsbil - sidelastar husholdningsrenovasjon i 2006	Kr 0,-	Kr 1.500.000,-
b) Utskifting av hjullastar i andre halvår 2006	Kr 0,-	Kr 1.200.000,-
c) Kjøp av om lag 25 daa med grunn for å sikre areal til ekspansjon, handsaming av hageavfall og slam i 2007. Tiltaket føreset nærare vurdering før det kan settast i verk	Kr 30,-	Kr 6.500.000,-
d) Etablering av slambehandlingsanlegg og anlegg for kompostering av hageavfall i 2008 Tiltaket føreset nærare vurdering før det kan settast i verk	Gjeld slamgebyret Kr 100,-	Kr 2.000.000,-
e) Innføring av eigen avfallsdunk for våtorganisk avfall i 2009. Tiltaket føreset nærare vurdering før det kan settast i verk	Kr 0,-	Kr 1.000.000,-

VEDTAK (4 RØYSTEFØRE)

Handsaminga.

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

SAK 14-05. REKNESKAPEN FOR 2005 PR 30.04.05 – MELDING TIL STYRET

Styret tar rekneskapsrapporten til etterretning.

VEDTAK (4 RØYSTEFØRE)

Handsaminga.

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

SAK 15-05. REVIDERING AV BUDSJETT 2005.

Styret rår representantskapen til å gjere slikt vedtak:


Representantskapen godkjenner den reviderte budsjett oppsett pr aktivitetsområde slik det ligg føre.

VEDTAK (4 RØYSTEFØRE)

Handsaminga.

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Rett utskrift 09.06.05


Ann Britt Våge Fannemel
Styreleiar

 
Ivar Aarskog Ove Myklebust


Reidun Vigestad Berge

Ove Lid


Petter Bjørndal referent

PROTOKOLL

STYRET FOR VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

Heldt møte på VØR
Møtedato 02.02.05
Møtet tok til 16.00
Møtet slutta 18.30

Desse møtte:
Ann Britt Våge Fannemel
Ivar Aarskog
Ove Lid
Reidun Vigestad Berge
Ove Myklebust
Gudny Fagerhol

Frå administrasjonen møtte Petter Bjørdal, som førte møteboka.
Ann Britt Våge Fannemel leia møtet. Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.

SAKLISTE:

SAK 01-05. REFERATSAKER

- Skatteplikt VØR
- Årsmøte avfallsforum Møre og Romsdal
- Redusert arbeidstid Gunn Velle

SAK 02-05. LEIGEAVTALAR MELLOM VØR OG RETURA SØRE SUNNMØRE AS.

Styret godkjenner utleigeavtalar med Retura Søre Sunnmøre AS dagsett 27.01.05 gjeldande frå 01.01.05

Dette gjeld:

Leige av containerar og komprimatorar.
Leige av internutstyr
Leige av maskiner og bilar.
Leige av bygg og uteareal
Leige av innkøyring av bos, papp og papir
Leige av arbeidstenester

VEDTAK (5 RØYSTEFØRE)

Handsaminga.
Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

SAK 03-05. REVIDERT BUDSJETT VØR FOR 2005 - UTKAST.

Styret tar forslaget til revidert budsjett for VØR til vitande. Styret vil kome tilbake til endeleg revidert budsjett for 2005 når resultatet for år 2004 ligg føre.

VEDTAK (5 RØYSTEFØRE)

Handsaminga.

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

SAK NR. 04-05
KLAGE PÅ VEDTAK OM RENOVASJONSGEBYR -
IVAR ULVESTAD.

Styret for VØR viser til klage på vedtak av 06.12.04, og finn ikkje å kome klaga i møte i samsvar med gjeldande renovasjonsforskrifter §§4,10 og 11.

Vedtaket vert ikkje gjeve oppsitjande verknad etter fvl. § 42. Det vil seie at utsendt rekning må betalast og at rekninga eventuelt vert tilbakeført dersom vedtaket skulle verte endra ved eit seinare høve.

I samsvar med fvl. § 28 og 29, kan vedtaket påklagast til klageutvalet for VØR-saker, som skal gjere endeleg vedtak.

VEDTAK (5 RØYSTEFØRE)

Handsaminga.
Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

SAK 05-05. PERMISJON DAGLEG LEIAR I 20% STILLING

Styret godkjenner at dagleg leiar Petter Bjørdal får permisjon frå sin stilling i 20 % frå 01.02.05 til å vere dagleg leiar i Retura Søre Sunnmøre AS.


Permisjonen varer fram til det tidspunktet at Retura Søre Sunnmøre AS får tilsett annan dagleg leiar.


VEDTAK (5 RØYSTEFØRE)

Handsaminga.
Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Rett utskrift 02.02.05


Ann Britt Våge Fannemel
Styreleiar


Ove Lid


Petter Bjørdal referent


Ivar Aarskog


Ove Myklebust


Reidun Vigestad Berge